

PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 30.03.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Vi er no inne i den tredje veka med omfattande tiltak for å redusere smitten av Korona-viruset. Tiltaka grip sterkt inn i folk sitt privatliv og dei medfører store utfordringar for næringslivet. Situasjonen er krevjande for oss alle, og ordføraren er imponert over den forståinga, omstillingsevna, dugnadsånda og tolmodet innbyggjarane har vist for å klare denne kampen. Vi har klart den fyrste svingen, no skal vi ut på langsida, men vi veit enno ikkje kor mange rundar vi har att.

Smittesituasjonen Volda kommune har fått eit nytt positivt prøvesvar på koronavirus. Den smitta er i nær kontakt med ein tidlegare smitta og ein har god kontroll på smittesituasjonen.

Det er no testa 177 personar til saman og 6 av desse har testa positivt for koronavirus. Det er ikkje testa nokon i helga.

Dei som har testa positivt i Volda har ikkje vore alvorleg sjuke eller innlagt. Dei som testar positivt blir fylgt opp av fastlegen dagleg eller oftare ved behov. Dei får også eige nummer dei kan ringe dersom dei vert dårlegare eller har spørsmål til legen sin. Det finns ikkje eit godt nasjonalt system for å registrere friskmeldte personar, men det er krav til at ein må vere symptomfri i ei heil veke før ein kan rekne seg som frisk frå korona.

Videokommunikasjon med bebuarar på institusjonar. Det er set i drift videokommunikasjon mellom bebuarar og familie. Nettbrett som har vore i bruk av kommunestyrerepresentantar er alt teke i bruk. Fleire nettbrett som for tida ikkje vert nytta, frå skule- og barnehageavdelingane, er undervegs og vert klargjort.

Familiar som treng avlasting/hjelp Det er viktig at familiar som treng hjelp tek kontakt. I denne situasjonen er det ikkje vanskeleg å førestille seg at det kan vere utfordrande når dei vante rammene er endra over tid slik vi no opplever. Barnehage, skule og fritidsaktivitetar er borte, vi kan ikkje vere saman med venner som før og vi må leve tett på kvarandre heime. Det er lurt å etablere gode ruinar og legge til rette for hyggelege aktivitetar. Dersom du over tid kjenner at situasjonen er utfordrande, er det viktig å søkje hjelp. Du kan t.d. søkje råd frå barnehagen/skulen eller du kan kontakte helsestasjonen for å drøfte utfordringane og muligheitene for å få hjelp.

Forskot på dagpengar – konsekvensar for sosialhjelp. I statsråd på fredag 27. mars vart det bestemt at NAV kan få utbetale forskot på dagpengar for alle som er permittert og som har søkt eller kjem til å søke dagpengar innan fredag 3 april.

Den einskilde dagpengesøkar kryssar av på sitt digitale skjema om at han eller ho ønskjer forskot på dagpengar. Dersom det vert gjort innan fredag 3. april, vil utbetalinga skje innan 8. april.

Situasjonen i næringslivet er alvorleg. Regjeringa kom før helga med nye tiltak og vil kome attende med fleire detaljar dei næraste dagane. Det er viktig at desse tiltaka vert tilpassa behova i vårt lokalsamfunn og kommunen har dialog med næringslivet.

Lokalt næringsliv. Volda kommune ønskjer å vere ein medspelar for å minimere belastning for lokalt næringsliv. I tida framover vil vi så langt som råd betale ut løpande dei faktura vi mottek og i god tid før forfall.

Betalingsutsetjing eller betalingsavtale. Dersom du får behov for å få betalingsutsetjing eller betalingsavtale så må du tak kontakt. Ved behov for betalingsutsetjing og/eller betalingsavtale på kommunale krav, ta kontakt med økonomiavdelinga Volda kommune på tlf 70 05 87 32 eller send e-post til innfordring@volda.kommune.no. Når det gjeld utsetjing av statlege krav finn du informasjon her: <https://www.skatteetaten.no/tiltakspakker/>

Ikkje ver redd for å ta kontakt med lege for andre helseutfordringar. Ta kontakt med lege når det er behov for det. Legetenesta er no organisert slik at det ikkje er fare for smitte mellom dei med luftvegsinfeksjon og dei med andre helseutfordringar. Det er viktig at innbyggjarane veit at dei kan vere trygge på at legetenesta har stort fokus på og gode tiltak for å gje trygge legetenester til dei som har andre helseutfordringar og treng legetilsyn.

Legekantoret er todelt der det er oppretta eige legekantor for pasientar med luftvegsjukdomar ved helsestasjonslokalet på Øyra skule. Volda og Ørsta sitt legevaktsamarbeid på kveld og helg er styrka, slik at det er to legar på vakt og kan skilje pasientar med luftvegssymptom frå andre også på kveld og natt.

Videokonsultasjon med lege. Det er muleg å få legekonsultasjon gjennom video. Pasienten får då ei tekstmelding med ein link. Når ein trykker på denne linken må ein logge seg inn med «MinID». Ein kjem vidare til eit virtuelt venterom dersom legen ikkje er klar til å ta imot.

Smitta er i lokalmiljøet. Det er til no seks personar som har testa positivt i Volda. Smitta er i lokalmiljøet, og den enkelte må ta situasjonen alvorleg. Det er ein uoversiktleg situasjon på landsbasis da viruset er svært smittsamt, og at mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom.

Det er ikkje innført lokale karanteneroglar. Lokale karanteneroglar blir vurdert av kommunelegen i eit medisinskfagleg perspektiv. Vi har halde oss til nasjonale retningslinjer og oppmoda folk om å halde seg strengt til dei råd som er gitt. På denne måten kan vi unngå strengare lokale forskrifter som kan få negative konsekvensar for både næringslivet og andre. Vi oppmodar alle om å ta dette ansvaret også no når ein planlegg mot påske.

Hald avstand og vask hender. Følg dei grunnleggjande råda for å unngå å verte smitta sjølv og unngå å smitte andre: unngå reising og hald deg mest mogleg i ro, hald fysisk avstand til andre og vask hendene ofte. Ver særleg merksam på at det kan vere smitte på kontaktflater som mange tek på når du er i butikken eller fyller drivstoff. Det er viktig at butikkane, bensinstasjonane og liknande informerer godt og legg til rette for at folk kan halde avstand og sprite hendene. Det vil vere uansvarleg dersom ein berre går inn i butikken utan å halde avstand til andre og følgje råda som er gitt.

Hjelp til å handle. De som er sjuke, er i karantene eller er i risikograppa kan ta kontakt med frivilligsentralen som kan organisere hjelp å handle dersom de ikkje har

andre som kan gjere dette for dykk – ta kontakt på telefonnummer 917 25 639 (Volda) og 415 12 813 (Hornindal). Hugs god handhygiene og fysisk avstand til kvarandre.

Politiske møter det vart gjennomført formannskapsmøte som videomøte på torsdag. Denne veka vert det gjennomført videomøter i alle tenesteutvala. Vi tek sikte på å gjennomføre neste kommunestyremøte som videomøte dersom situasjonen vedvarer.

Ta vare på kvarandre. Det er viktig at familiar står saman og ivaretek kvarandre gjennom kriseperioden. Tenk også på andre som kan ha behov for hjelp. Ta gjerne ein ekstra telefonsamtale til nokon som treng det. Hald motet oppe, denne situasjonen er mellombels og vi vi skal attende til normal situasjon.

Volda kommune sender ikkje folk utan at det er avtalt. Merk at Volda kommune aldri sender ut personar på tilsyn eller for å undersøke om nokon treng hjelp utan at det er avtalt på førehand. Frivilligsentralen i Volda har mellom anna gjort avtale med Safe 24 om utkjøring av varer.

Registrer deg som frivillig. På kommunen si heimeside kan frivillige som vil hjelpe til registrere seg. Dette gjeld helsepersonell, frivillige og dei som har verneutstyr.

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-13.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Hjelpetelefon for psykisk helse eller rus. Har du tankar eller bekymringar i forhold til di psykiske helse eller rus? Ring oss om du har behov for å prate! Rus og psykisk helseteneste, telefon: 91598370. Telefontid: kvardagar kl. 10.00–14.00.

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er sett i verk, og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.